

Samferdselsminister

Transport- og kommunikasjonskomiteen

Statens vegvesen region midt

Mørebenken – til info

Trøndelagsbenken - til info

Vår ref: Ellen Engdahl/Bjørn Buan

Møre og Romsdal fylkeskommune

v/Samferdselsutvalget og Samferdselsavdelingen

Trøndelag fylkeskommune

v/Samferdselsutvalget og Samferdselsavdelingen

Media

Orkanger/Kristiansund, 28. juni 2019

Like konkurransevilkår for næringslivet - fv 65 må utbedres!

Uttale frå felles regionrådmøte i Orkdalsregionen og Nordmørsregionen.

Ordførar- og rådmannskollegiet på Nordmøre (ORKidé) og i Orkdalsregionen vil peike på den viktige betydninga fylkesveg 65 har for næringslivet på Nordmøre og i Orkdalsregionen. Mykje av næringstransporten frå desse regionane går via fv 65 og vidare til Berkåk via fv 701 og 700 til E6.

Regionane har til saman ca 100 000 innbyggjarar, og vegutviklinga er viktig for oss.

Slik vegen framstår i dag er den ei **stor** utfordring for næringslivet. Det er derfor svært viktig at vegens standard og kurvatur blir rusta opp. Noko må gjerast for å få varige gode løysingar. Det må planleggast med tanke på å forsterke vegfundamentet slik at asfalten skal halde seg over tid.

Planlegginga for å utbetre flaskehalsane må settast i verk. Det gjeld mellom anna Holte bru i Rindal, Storåsbakken og kryssset på Storås i Meldal som er ein del av laksevegen frå Hitra og Frøya.

I dag er det opna for 25,25 meters vogntog på alle hovudfartsvegar inn til Norge. Alle konkurrentane som produserer i utlandet har i dag mulegheita til å bruke slike vogntog. Lokale vareprodusentar blir hemma av at dei ikkje har slike konkurransevilkår. No må også Fylkesveg 65 planleggast for å kunne ta 25,25 meters vogntog!

Med modulvogntog er ein og kunne frakte meir gods med færre kjøretøy, og på den måten spare både miljø og klima for unødvendige utslepp. Slik kan ein også bidra til at transportnæringa greier å kutte dei pålagte 40% av sine utslepp innan 2030.

På denne bakgrunn vil vi på det sterkeste oppmøde om at det no blir teke tak i utfordringane på fv 65. Vi kan ikkje lenger berre sjå på at den infrastrukturen som vi er avhengige av skal gi auka utgifter og svekka konkurransekraft for næringslivet vårt.

Dette er avgjerande for at vi skal kunne ha eit konkurreddyktig næringsliv i våre regionar.

ORKidé - Nordmøre Regionråd



Kjell Neergaard

ORKidé - Nordmøre Regionråd
Postboks 178, 6509 Kristiansund

Orkdal regionråd



Odd Jarle Svanem

Regionrådet i Orkdalsregionen c/o Skaun kommune,
7358 Børsa, tlf: 72 86 72 00